



# Årsmelding for Vats sokn 2015

**Vats sokneråd** har i 2015 vore samansett slik:

Sokneprest Jon Ådnøy.

Leiar Arild Urdal, nestleiar og representant i fellesrådet Håkon Børre Koltveit, sekretær Torunn Jønsson. Styremedlemmer Kari Gjellestad, Grete Sørhus, Svein Magne Krakk og 1. vararepresentant Margaret Gjerde.

Frå november 2015 tok det nye soknerådet over:

Leiar Grete Skeie Sørhus, nestleiar og representant i fellesrådet Arild Urdal, sekretær Lill-Inger Velde. Styremedlemmer Elisabeth Gregersen, Torgeir Sørhus, Olav Frøland og 1. vararepresentant Aslaug Østrem Nesheim.

Vats sokneråd har hatt 9 møte og handsama 52 saker. Mellom anna trusopplæring.

## **Faste innslag i gudstenesta:**

-*Bønnesamling* på sakrestiloftet før gudstenesta.

-*Kyrkjekaffi* har me etter nesten kvar gudsteneste. Soknerådet ser på dette som ein viktig del av det sosiale i kyrkjelyden.

-Me ber for *misjonsprosjektet* og misjonærane «våre». Til nå har kyrkjelyden sitt offer gått til misjonsprosjektet to gonger i året. På tavla i våpenhuset finn du bilde og informasjon frå arbeidet.

## **Medarbeidarar i kyrkjelyden:**

### **Tilsette:**

Sokneprest Jon Ådnøy.

Organistane Nelly og Juri Kotkovitch.

Kyrkjetenar Ingvald Eike.

### **Frivillige medhjelparar:**

#### Medliturgar og nattverdmedhjelparar:

Håkon Børre Koltveit, Borghild Velde Eskeland, Karin Koltveit, Arild Urdal og Olav Velde.

Ansvarlege for ordninga med dåpskontaktar: Hege Sørhus.

Misjonskontakt: Kari Meling fram til november 2015.

4. november tok Steinar Sørhus over som ny misjonskontakt.

I 2015 har me ikkje hatt fast eiga samling for borna i kyrkja under gudstenesta.

## **Utval:**

Diakoniutvalet: Bjørg Stokland, Ingeborg Vågen, Aslaug Vårvik, Martha Alida Urdal, Jørgen Landa, Ruth Røgenes, Erna Nordtveit, Kjellaug Eike og Kari Meling. Frå soknerådet: Grete Skeie Sørhus. Frå 2016 er det Aslaug Østrem Nesheim som er soknerådets representant i diakoniutvalet.

Medlemmene gjer eit godt arbeid mellom anna med å ta ansvar for torsdagsmøtene på Vindafjordtunet annakvar veke (prestane i Vindafjord har dei andre torsdagane), besøksteneste, og blomster til eldre som fyller «runde år».

Arbeidsutvalet: Leiar Arild Urdal, prest Jon Ådnøy og sekretær Torunn Jønsson.

Frå november 2015: leiar Grete Skeie Sørhus, prest Jon Ådnøy og sekretær Lill-Inger Velde.

## NaMu-utvalet (Naturlig menighetsutvikling)

NaMu-utvalet blei avvikla ved soknerådsvedtak 06. januar 2015, men kan med fordel startast opp igjen ved ein seinare anledning.

Fram til hausten 2015 har Elisabeth Stople Gregersen (fråNaMu-utvalet), Svein Magne Krakk (frå soknerådet) og presten vår, Jon Ådnøy, utgjort gudstenesteutvalet.

## G17 utvalet:

Svein Magne Krakk er Vats sin representant i dette utvalet.

Frå november 2015: Torgeir Sørhus.

Vedlagt: Eiga årsmelding frå G17.

## **Årsstatistikk:**

### Gudstenester:

Me hadde 30 gudstenester på søn-og helgedagar i 2015. Av desse var 16 med nattverd og 9 med dåp.

9 var familiegudstenester (utanom julaftan og grunnlovsdagen).

## **Noko av det som har skjedd i kyrkja i 2015:**

Salmekveld i pasjonstida

Per Egil Meling og Odd Jan Hagen leia oss gjennom «vandringa» med stor innleving.

03. november arrangerte diakoniutvalet i samarbeid med diakoniutvala i Skjold og Vikebygd temakveld; «Når livet blør».

Dei to eldste årskulla ved begge barnehagane var med på julevandring i kyrkja i desember.

Per Egil Meling og Odd Jan Hagen hadde en kveld med tema «venta og lengta» 2. desember.

Kor è Vindafjord hadde julekonsert i kyrkja 09. desember.

Me hadde internasjonal julesongkveld på 3. søndag i advent der med song julesongar på forskjellige språk.

Då kom det fleire folk frå forskjellige land og var med både på allsong, lesing og soloinnslag på sitt eige språk, så det vart ein kjekk og vellukka kveld.

Tal frå statistikken for 2015 (tala frå 2014 i parentes)

14 (18) blei døypte, av desse 10 (10) heimehøyrande i Vats.

5 (5) par blei vigde i kyrkja.

Det var 18 (5) gravferder frå Vats kyrkje.

Samla gudstenestebesøk var 3.129 ( 3.667).

Nattverdbesøk 530 (518).

Offer:

Offer og kollektar i kyrkja var totalt 139.956 kroner (87.902 kr).

### **Trusopplæring**

Me har i ein del år hatt desse tiltaka for born og unge:

- Skriftleg invitasjon til dåp (når me får melding om fødsel).
- Dåpsbesøk i heimen før dåpsdagen.
- Tilbod om dåpskontakt frå kyrkjelyden (skal marke dåpsdagane fram til barnet er 4år).
- Babysong (i Ølen eller Skjold, 4 kurs i løpet av året).
- Utdeling av kyrkjebok til 4-åringar i ei familiegudsteneste om hausten, med samling i kyrkja laurdagen før
- Skattejakten for 6-åringar. 4 samlingar i kyrkja der dei skal finne forskjellige kyrkjeskattar. Avsluttas med familiegudsteneste.
- Utdeling av bibel til 5.-klassingane i ei familiegudsteneste etter jul.
- Overnatting i kyrkja for 5.-klassingar (Lys vaken, natt til 1. søndag i advent).
- Leir for 5.-klassingar (i februar, i lag med Skjold, Vikebygd, Nedstrand og Skjoldstraumen).
- Konfirmantopplegg (60 timar med gudstenester, tenesteppgåver, sosiale samvær, undervisning).

Tre trusopplærarar er tilsette på deltid (20,/20/25 prosent).

Dei samarbeider tett med kateketen og det felles trusopplæringsutvalet i Vindafjord, FUT.

Oppslutninga om kyrkjelege breiddetiltak for born og unge i Vats er godt.

Mange av dei nær 100 som gjorde frivillig innsats i Vats kyrkjelyd i 2015 var med på tiltak for born og unge.

### **Konfirmantarbeid:**

Våren 2015 blei 27 frå Vats konfirmerte.

I hovudsak fylgjer dei tidlegare opplegg, med gudstenester, ulike grupper, undervisning og leir. Deler av opplegget skjer i samarbeid med Ølen, Skjold og Vikebygd.

Konfirmantane var og med å gjorde ein kjempeinnsats på fasteaksjonen til inntekt for kirkens nødhjelp. Dei samla inn 29.845 kr.

## Takk!

Soknerådet set stor pris på alle dykk som på ulikt vis har deltatt i gudstenester og anna frivillig arbeid i kyrkjelyden også dette året.

Kyrjekaffien er blitt ei veldig hyggeleg stund der flinke frivillige stiller opp med gode bakverk og anna godt til kaffien.

Andre les tekstar, syng og spelar, til stor glede for resten av kyrkjelyden.

Atter andre gjer hausttakkegudstenesta til ei feststund med å pynta kyrkje med alt det fine hausten har å by på.

Me vil og takka for alt som blir gjort i underutval og av dei tilsette! Takken går og til leiarar i frivillige lag og organisasjonar, og alle som har støtta kyrkjelyden på ulike måtar.

Og sist, men ikkje minst: Takk for alle bønner som er bedt.

Vats sokneråd  
Lill-Inger Velde.  
-sekr-